


# Sunnhordland

*Først med  
det siste!*

## Mange til helseundersøking

Helseundersøkinga av dei snart middelaldrane 40-åringane byrja på Stord måndag. Frammøtet dei tre første dagane var godt, og låg på mellom 80 og 90 prosent. Mange ser undersøkinga som ein billeg og god måte å få status på si eiga helse. Vert det funne ting i blodprøva det er verd å undersøkje nærare, får vedkomande innkalling. Er blodtrykket høgt, kan det òg vera grunn til nærare undersøking. På Stord er bussen til og med torsdag i neste veke, då går turen vidare til Bømlo og seinare Fitjar.

På biletet tek avdelingssjukepleiar Ellen Lenmo blodprøve av Solveig Moe Lysholt. **SIDE 8**



*Helg i Sunnhordland!*

### Ikkje eit kall

- Nei, polittyrket er slett ikkje eit kall, seier fredagsgjesten vår i dag, lensmannsbetjent Asbjørn Grov som for 30 år sidan hadde planar om å starta sportsbutikk. **SIDE 13**

Har du utstyret i orden til OL?  
Me hjelper DEG med GODE TILBOD

**KJØP NO**  
-Betalt om 6 mnd.

**NOKIA**  
Få med deg **ALT!**

**2895,-**



**NOKIA**

**NOKIA 70 VEST**

Fotuset 1 års abn. på Canal Digital's programpakke. Kr. 284,- pr. mnd. Pris utan binding kr. **3595,-**

**÷1000**

**4995,-**

**PHILIPS**  
25" stereo Farge-TV 25PT4423

**÷2000**

**6995,-**

**PHILIPS**  
29" stereo Farge-TV 29PT5322

**995,-**

**CASIO**  
Lomme Farge-TV  
TV 770

**÷120**

**249,-**

FÅ GOD HJELP TIL  
SJØLVMEDELINGA!



**DIGILINE**  
14" Farge-TV FC 1400

**÷2000**

**9995,-**

**GRUNDIG**  
33" stereo Farge-TV ST847969

**SONY**  
Videokamera  
CCDTR401

**2995,-**

**SABA**  
Videospelar  
VR8083NIC

**÷1300**

**4695,-**

**÷1000**

Det komplette  
elektrovarehuset  
- Alt på ein plass



**GROV  
ELEKTRO A.S.**

**ELKJØP**

**STORD A.S.**

BORGATA 26  
Tlf. 53 40 30 90 • Fax. 53 40 30 91



Jens Mjeldheim sit i mottakinga, registrerer dei som kjem, køyrer busen, er vaktmeister og gjer elles forefallande arbeid.



Desse fire kvinnene står for undersøkinga, nærast Ann Berg, vidare bakover Sachiko Watanabe, Gunvor Rugsveen og Ellen Lenmo.

# Godt fram møte til helseundersøking

§ TOR RESSER

1.073 stordabuar, kvinner og menn, fødte i åra 1953 til -57 er invitert til å vera med i helseundersøking der målet er å førebyggja hjarte- og karsjukdomar. Undersøkinga byrja nåndag og skal gå til og med orsdag i neste veke, 29. januar. Der etter følgjer Bømlo og Fitjar.

Oppslutninga har vore god så langt. På dei tre første dagane av undersøkinga har me hatt fram møte på mellom 80 og 90 prosent, fortel avdelingssjukepleiar i Statens helseundersøkingar Ellen Lenmo til Sunnhordland. Me uroar i busen på senter sida av Kulturhuset like før arbeidet for dagen tek til. På andre sida av huset står mammografibusen, og litt feilgåing vert det.

Venterommet er i underreta-

sjen til vestbyen i Kulturhuset. Kølapp vert trekt og så er det å venta på børt, til Jens Mjeldheim i mottakinga og registreringa i busen inn neste nummer. Ferdig med registreringa vert du sendt vidare inn gjennom korridoren i busen til ein av dei fire sjukepleiarane; forutan Lenmo, Ann Berg, Sachiko Watanabe og Gunvor Rugsveen. Med smil og venlege ord vert du teken i mot.

Dei som kjem er svært interessert og ønskjer undersøkinga. Ho er førebyggjande og går på livsstil. Dei som vert innkalla denne gongen var ikkje med i undersøkinga for fem år sidan, fortel Lenmo. Ho og dei andre i busen er tilsette i Statens helseundersøkingar, er på hjul det meste av året og reiser land og strand rundt.

– Me visste kva me gjekk



Avdelingssjukepleiar Ellen Lenmo er lei av laget på busen.

inn på i denne jobben og er innstilt på å reisa. Me får sjå landet ganske gratis og møter mange nye folk, dei aller fleste hyggjelege, seier ho.

Ho er i opphavet dansk, har vore tilsett i Statens helseundersøkingar i sju år, og byrja med undersøkinga i Hordaland på Voss i haust.

For mange som kjem til undersøkinga verkar det som ein form for mentalhygiene. Dei opnar seg og fortel om eigen livssituasjon. Det trur Lenmo kjem av at dei som kjem veit at personalet berre er der ei krot stund før dei reiser vidare, og har teieplikt. Det dei fortel om eigen situasjon vil dei ikkje møta att når dei seinare går til eigen lækjar.

– Og så får me høyre ein god del om kommunehelsetesta kringom. Her på Stord har me så langt ikkje fått negative kunnskapar, seier Lenmo.

Sjølve undersøkinga går på 10 - 15 minuttar og 126 personar går gjennom per dag. Blodtrykket vert teke tre gonger, for å få lågast verdi. Det er ofte slik at blodtrykket aukar litt så snart du trør inn til helseundersøking. Difor vert dei som kjem roa ned. Vidare vert det teke to blodprøver, og spørjeskjemaet dei

har fått tilsendt vert gjennomgått.

– Svarar folk ærleg på spørsmåla?

– Ja, me har inntrykk av det. Det er ikkje alltid det vert svart på alle spørsmåla, somme er nok litt vanskelege og dei er ikkje nøydde å svara på alle.

Resultata av undersøkinga skal nyttast til forskning ved Universitetet i Bergen og av fylkeslekjaren. Alle som er med får skriftleg attendemelding om sitt resultat, om det er godt eller ikkje så godt. Evaluering av undersøkinga vert gjort seinare, følgjeleg ligg det ikkje føre resultat alt no.

Solveig Moe Lysholt tok i mot invitasjonen frå Statens helseundersøkingar. Ho tykkjer det er ein grei måte å få ein helsestatus, det er billig og ei sikring. Spørjeskjemaet var ikkje spesielt vanskeleg å svara på og ho ser ikkje noko problem å gje frå seg så pass intime opplysningar.

Har du fått invitasjonen men ikkje møtt fram, tenk deg om og grip sjansen når du har han.



Avdelingssjukepleiar Ellen Lenmo måler blodtrykket til Solveig Moe Lysholt.



To blodprøver vert tekne.